

Førde, 09.10.2017

NVE  
Konsesjonsavdelinga  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

## **Høyringsfråsegn: Melkevoll Elvekraft SUS – Søknad om løyve til Melkevoll kraftverk i Stryn kommune i Sogn og Fjordane**

Vi viser til høyringsbrevet dykkar av 28.08.2017 og til sakspapira som vi har lasta ned via nettet. Dessverre var det ikkje mogeleg for oss å vere med på NVE si sluttsynfaring 04.10.2017, men underskrivne sakshandsamar kjenner området godt etter mange besøk gjennom åra, det siste rett nok for 4 - 5 år sidan.

### **Om Sogn og Fjordane Turlag:**

Sogn og Fjordane Turlag (sjå [www.sftur.no/](http://www.sftur.no/)) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 14 lokale lag spreidd over heile fylket. Siste medlemstal: 7.847. Melkevoll kraftverk ligg i Indre Nordfjord Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <https://indrenordfjord.dnt.no/>

### **Kort om friluftsliv i området:**

Olden med Briksdalen er først og fremst kjent som ein av Noregs store «turismagnetar» med anslagsvis 300.000 besøkande årleg. Men Olden er også eit viktig område for tradisjonelt friluftsliv. Ruta gjennom Oldeskaret mellom Oldedalen og Høyset i Stardalen i Jølster er ei gamal tradisjonsrik rute som på Oldensida har vorte sterkt oppgradert i dei seinare åra. Vi kjenner ikkje bruksomfanget for ruta, men reknar det som svært sannsynleg at det er relativt høgt, i alle fall på den delen av ruta som går opp frå Olden. Ruta startar kloss ved det planlagde inntaket for Melkevoll kraftverk.

Ruta opp Kattanakken er også ei flott og ganske mykje brukt rute, først og fremst for dagsturar, men også for turar på og over Jostedalsbreen. Turen startar enten ved å gå over gangbrua ved det planlagde inntaket til kraftverket, eller frå dei store parkeringsplassane litt lenger oppe på austsida av elva. Undervegs til toppen av Kattanakken ser ein «rett ned på» mellom anna utbyggingsområdet for kraftverket.

Den suverent viktigaste turruta går sjølvsagt opp til vatnet ved foten av Briksdalsbreen. Dei aller fleste av dei 300.000 årlege turistane går til fots opp dit, i alle fall går dei det siste stykket.

Eit utviklingstrekk i reiselivet som har kome dei seinare åra, er at turistsesongen vert utvida. Til Olden/Briksdalen kjem dei aller fleste turistane om sommaren, men fleire og fleire kjem også i september, og til og med først i oktober – og i mai. På den tida vil Storelva på utbyggingsstrekninga, med ei minstevassføring på 300 l/s, framstå som nesten tørr.

### **Kommentarar til utbyggingsplanane:**

**2.1 Hovuddata Melkevoll kraftverk:** Ei slukevne på tett oppunder 50% av middelvassføringa i hovudelva i eit verna vassdrag, er svært mykje, og etter vårt syn uakseptabelt i eit slikt vassdrag. Vi kan ikkje hugse å ha sett maken i nokon andre utbyggings saker i verna vassdrag. I sideelvar til verna



vassdrag har vi sett søknader om eit liknande vassuttak, men aldri i hovudelvar. Viss NVE skulle gje konsesjon til eit så høgt vassuttak i hovudelva i eit verna vassdrag, vil det – etter den kunnskapen vi har – vere eit grovt brot på tidlegare praksis i slike saker, og det vil «skape presedens». **Vi vil sterkt åtvare mot dette!**

Utrekning av 5-persentil sommar: Storelva er ei typisk breelv der vassføringa om sommaren i stor grad kjem frå bresmelting. At 5-persentil sommar i ei slik elv – med ei middelvassføring på 5.090 l/s – berre skal vere på 122 l/s, finn vi heilt fullstendig usannsynleg. Her må det ha skjedd «ein glipp» under utrekninga. Sjølv om vi ikkje har god nok fagkunnskap om slike utrekningar, kjenner vi oss 100% sikre på at dette MÅ vere feil! Det vi kan tenkje oss, er at det her er ein «kommafeil», og at den korrekte 5-persentil sommar er 1.220 l/s. Sjølv dette reknar vi som usannsynleg lågt, men det kan kanskje vere rett? Også 5-persentil vinter på berre 60 l/s, synest vi verkar låg, men ikkje på langt nær så usannsynleg som talet for 5-persentil sommar. **Vi vil sterkt oppmode NVE om å bruke sine fagfolk for å kontrollrekne 5-persentilane, spesielt 5-persentil sommar, og ikkje ta dei tala som står i konsesjonssøknaden for «god fisk».**

Viss 5-persentilane er feil, må det også få konsekvensar for minstevassføringane, spesielt minstevassføring sommar. I eit verna vassdrag må minstevassføringane vere minst like høge som 5-persentilane. For å oppnå dette, reknar vi med at minstevassføringa om sommaren må aukast kraftig! **Viss NVE skulle vurdere å gje konsesjon, ber vi om at minstevassføring sommar vert auka kraftig!**

**2.2 Teknisk plan – Inntak med damterskel og inntaksbasseng:** Planane om bruk av Coandainntak verkar fornuftige, og som det minst dårlege av aktuelle tilgjengelege inntaksalternativ. Men vi vil peike på at sjølv ved bruk av Coandainntak, vil inngrepa i elvelaupa med kanalisering av Storelva og inntaket nedst i Volefosselva, bli ganske omfattande, og dei vil bli svært godt synlege i nærområdet. Ikkje minst for dei som kryssar gangbrua kloss ved inntaket, og for andre som ferdast i området. Vi kjenner ikkje talet, men reknar det som sannsynleg at gangbrua aleine har tusenvis, eller mest truleg titusenvis, personkryssingar årleg. Naturinngrepa frå turistanlegga i området er store nok alt i dag, ein treng ikkje enda meir enn det som er! Særleg ikkje inngrep i den naturen som er sjølve grunnlaget for den store turistindustrien i Olden og i Stryn kommune.

**2.2 Teknisk plan – Vassvegen:** Det står her mellom anna at «eit belte med 20 m breidde vert råka». Etter det vi har sett i andre utbyggingar, reknar vi dette som ei minimumsbreidde. Andre stadar i konsesjonssøknaden, mellom anna øvst på den andre sida i samandraget, vert det omtala ein røyr-gatetrase som er 12 – 15 m brei. Dette meiner vi er fullstendig urealistisk. Inngrepsbreidda vert betydeleg større enn det. Men dette veit NVE mykje meir om enn det vi gjer.

På delar av røyr-gatetraseen ligg det i dag store steinblokker. Å legge røyr-gata i slikt terreng, vil føre til store terrenginngrep og terrengendringar. Dette kunne NVE sjå på – og vurdere - under sluttsynfaringa. Ettersom vi ikkje var med der, kommenterer vi ikkje dette nærare.

**2.2 Teknisk plan – Kraftverket:** Vi har ikkje spesielle merknader til plasseringa av kraftstasjonen. Det må leggest stor vekt på støydemping. Vi ber NVE vurdere om det er trong for omløpsventil i kraftverket. Om sommaren når vassføringa i elva er stor, vil det ikkje vere trong for dette, men haust, vinter og vår, når vassføringa i elva nedstraums kraftstasjonen brått kan gå ned frå i overkant av 2.800 l/s til i overkant av 300 l/s (= minstevassføringa + restvassføringa som i denne perioden kan vere liten,) vil fisken nedstraums kunne få problem. Vi reknar med at det er anadrom fisk, eller i alle fall storaure, i elva når den «flatar ut» nedover mot vatnet, men har ikkje undersøkt dette nærare.

Viss utforminga blir god, reknar vi ikkje kraftstasjonsbygningen som eit «stort problem» i landskapet. Vi vil tru at både inntaket og røyrgatetraseen vil verte mykje verre slik.

**2.2.1 Hydrologi og tilsig:** Vi har alt nemnt at vi meiner at spesielt 5-persentil sommar som står i Tabell 1 – Hovuddata, er fullstendig feil. Vi har ikkje gått i detalj, men når vi ser på vassføringskurvene frå samanliknbare målestasjonar i Fig.10, ser vi ingenting som kan indikere ein så låg 5-persentil som 122 l/s. I heile september ligg tala skyhøgt over. Heilt først i mai er vassføringane enno nokså låge, men dei stig bratt oppover.

I Fig. 11 Varigheitskurve, ser vi at i 50% av dagane i året er vassføringa i elva ca. 1.500 l/s eller høgere. Det er all grunn til å tru at dei fleste av desse målingane skriv seg frå 5-månadersperioden frå 1.5 til 30.9, og at 5-persentilen i denne perioden derfor er på i storleiksorden 1.500 l/s. (Grovtt anslag, sjølv sagt.)

### **Kommentarar til 3 Verknad for miljø, naturressursar og samfunn:**

Vår vurdering er at konsekvensane for mellom anna Landskap, Reiseliv og Friluftsliv er sterkt undervurderte i søknaden. Det er peika på at området alt i dag er prega av næringsverksemd, og at dei nye inngrepa derfor i liten grad vil bryte med eksisterande inngrepsregime. Vi er einige i det første, men vi ser på dei nye planlagde inngrepa på ein heilt annan måte enn utbyggarane. Vi meiner at dei eksisterande inngrepa er så store at «nok er nok», og at ein må unngå nye naturinngrep i området. Spesielt bør ein unngå inngrep – som kraftutbygging – som ikkje er direkte reiselivsrelaterte. Vi vil også peike på at i dei meir og meir viktige skuldresesongane, i mai og i september/oktober, vil turistane risikere å komme til å få «oppleve» ei nesten tørrlagd elv der det berre renn ei minstevassføring på 300 l/s. Det er svært lite i ei så pass stor elv.

**Biologisk mangfald:** Vi ser at det er konflikatar med raudlisteartar og anna biologisk mangfald, men har dessverre ikkje kompetanse til å vurdere dette på ein god nok måte, så dette overlet vi til andre høyringsinstansar og til NVE sine fagfolk.

Når det gjeld det området mellom vegen og elva som er dominert av store blokker (sjå punkt 3.6 under Verdifulle naturtypar), så reknar vi med at dette området i stor grad vert «rasert» under legginga av røyrgata. Den negative konsekvensen av dette reknar vi med at NVE vurderer. Det er vanskeleg for oss, sidan vi dessverre ikkje hadde høve til å vere med på NVE si sluttsynfaring.

### **Kommentarar til 4 Avbøtande tiltak Minstevassføring:**

Ettersom 5-persentil sommar på 122 l/s etter vår vurdering er fullstendig feil, må minstevassføringa om sommaren aukast kraftig, minimum opp til den korrekte 5-persentil sommar. Denne vil vi grovt anslå til å vere på 1.500 l/s. **NB! Dette må NVE rekne nærare på!** Vi reknar det som sannsynleg at 5-persentil vinter på 60 l/s også er feil. Men kanskje er den ikkje høgere enn den omsøkte heilårlege minstevassføringa på 300 l/s, slik at minstevassføringa om vinteren er tilfredsstillande.

### **Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:**

Sogn og Fjordane Turlag er sterkt kritiske til denne utbygginga, og vil tilrå NVE å avslå søknaden.

For grunngeving viser vi til det vi har skrive tidlegare i fråsegna, og nemner her nokre hovudpunkt:

- Ei vassutnytting på nær 50% av middelvassføringa i hovudelva i eit verna vassdrag, er altfor høg, og - etter den kunnskapen vi har - sterkt i strid med det som til no har vore praksis når det gjeld vassutnytting i kraftverk i verna vassdrag. Dette aleine er etter vårt syn god nok grunn til å avslå søknaden.

- Inngrepa, særleg inntaket, røyrgatetraseen og delar av den påverka elvestrekninga, vil verte dels godt, dels svært godt, synlege for dei anslags 300.000 årlege besøkande i Briksdalen. For elvestrekninga vert den negative konsekvensen størst i skuldersesongane når vassføringa i elva har gått under 3.000 – 4.000 l/s. Når det er varmt om sommaren og vassføringa er høg, vil den negative verknaden på elvestrekninga verte liten. Den negative verknaden av inngrepa frå inntaket og røyrgatetraseen vil ein ha heile året.
- Det er konflikhtar med biologisk mangfald.
- Den 5-persentil sommar som det vert operert med i søknaden, er fullstendig feil. Som følge av dette er minstevassføringa om sommaren sett altfor låg. Vårt anslag er at feilen er så stor at minstevassføringa må aukast frå 300 l/s til minimum 1.500 l/s, men dette må vurderast av NVE sine fagfolk.

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 918 22 864, E-post: [alvar-m@online.no](mailto:alvar-m@online.no).

Venleg helsing  
for SOGN OG FJORDANE TURLAG  
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)